



Ei DeAmp-plate kan vere gjennomiktig – ikkje akkurat slik som tunge, svarte teppe som heng rundt omkring i rockeklubbane i Noreg.




Dei syltynne spaltane i metallet er heile løyndomen. Her trengst det laserpresisjon.

Prisvinnande nordfjordingar med lydsugande metall



HSD er ein av dei store kundane som har nytta DeAmp sine plater – både til lyddemping og til deko-rasjon



Dei unge sivilingeniørane Ole-Christian Drage frå Stad, Pål Ove Henden frå Hjelle og Bjørn André Fløtre frå Nordfjordeid er i skotet med dei lyddempande metallplatene sine.

Dei unge sivilingeniørane Bjørn André Fløtre frå Nordfjordeid, Pål Ove Henden frå Hjelle og Ole-Christian Drage frå Stad har laga eit forretningskonsept som verkeleg har slege an i Noreg.

I MÅNADSSKIFTET vann verksemda deira DeAmp to prestisjefylte prisar, og DeAmp-produktet med lyddempande metallplater er på full fart inn i marknaden.

– Draumen er å skape vår eigen spanande arbeidsplass, fri for A4-dagar, smiler sivilingeniør Bjørn André Fløtre frå Nordfjordeid. Dei unge sivilingeniørane Bjørn André Fløtre, Pål Ove Henden og Ole-Christian Drage kunne for kort tid sidan konstatere at to innovasjonsprisar hadde gått deira veg. I månadsskiftet vann bedrifta DeAmp først den nasjonale finalen av Venture cup 2006. Gleda viste seg å bli dubla denne kvelden, for fem minutt seinare vart det annonsert at dei også var blitt vinnarar av Tekna sin Innovasjonspris.

VENTURE CUP er ein forretningsplankonkurranse med base i høgskule- og universitetsmiljøet i Noreg. DeAmp vann framfor 775 andre påmeldte deltakarar og kunne dermed gle seg over 200.000 kroner meir til utvikling av bedrifta.

ta. Den andre prisen kom frå Tekna. Dette er landets største profesjonsforeing for akademikarar, og dei deler ut den prestisjefylte prisen på 100.000 kroner for konsept med teknologisk potensial og innovasjonshøgde.

Bedrifta DeAmp starta livet sitt i 2004 då Bjørn André, Pål Ove og Ole-Christian skulle lage ein forretningsplan saman. Karane var gode vener frå ungdomskule og gymnastida, og studerte på den tida saman på NTNU i Trondheim. Forretningsplanen var som eit ekstra skulefag, men samstundes òg ein konkurranse. Målsetjinga med å delta var å lære noko nytt og samtidig få innblikk i korleis entreprenørskap og gründerverksamer fungerer.

VALET AV FORRETNINGSIDÉ fall på «metall som suger lyd», eit konsept Ole-Christian hadde kome over i eit anna fag på NTNU. Studentgruppa han var på den gongen fann ideen lite interessant å jobbe med. Ole-Christian kunne likevel ikkje gløyme potensialet han følte

kunne ligge i denne oppdaginga, og tok difor kontakt med kameratane Bjørn André og Pål Ove. Dei vart samde om å satse på ideen.

Ideen vart etter kvart omsett til eit tilsynelatande enkelt produkt. Det er rett og slett snakk om takplater og veggplater.

– Du har kanskje lagt merke til at dei fleste tak på skular, institusjonar og større bygningar ofte har firkanta plater montert i taket. Desse platene er fylte med fiber for å dempe lyd inne i rommet. Dei dempar resonans og ekko ved å hindre lyd i å bli spegla frå tak og vegg, forklarar Pål Ove.

Det nyc med DeAmp er at deira produkt tilfører marknaden nye plater som dempar lyd utan bruk av støvskapande fiber. Dei er i staden laga av harde materiale som plast og metall.

– Det høyrer kanskje rart ut, men takplater i metall eller plast kan faktisk dempe lyden i eit rom. Denne teknologien er forska fram av professorane Tor Erik Vigran og Odd Kr. Ø. Pettersen. Ideen vart vidareutvikla og paten-

tert av DeAmp. Professorane vart overtydde om at vi som unge gründerar ville klare å skape eit produkt av det som var forska fram, fortel sivilingeniør Bjørn André Fløtre, som fram til månadsskiftet har vore dagleg leiar i bedrifta.

FOR Å OPPNÅ den lyddempande effekten, må platene gjennomskjerast med laser i syltynne spaltar. Spaltane er nesten usynlege for auga og det er desse spaltane som absorberer lyden. I forsøk på NTNU og Sintef har absorpsjonstestane gjeve svært lovande resultat.

– Platene kan i teorien lagast av alle harde materiale slik som glas, metall, tre, keramikk og plast. Designarar har lovprisa dette. Vi kan lage bilete, skulpturar, gjennom-siktige løysingar som slepp inn dagslys og så vidare. Mogelegheitene er altså mange for desse produkta. Vi kan òg nytte veggjar og

tak meir aktivt, fordi produkta kan vere skjulte. Dei tåler fysisk kontakt, kan trykkast bilete på eller kan sjå ut som ein glatt vegg, seier Bjørn André.

MED TAKHIMLINGAR i plast og metall kan ein lett sjå føre seg dei mest eksklusive bygg, men det er ikkje berre luksusprodukt gründerane vil levere.

– I første omgang er det vanlege bygg som vil ta i bruk platene, til dømes offentlege kontorbygg. Då platene ikkje inneheld fiber slik som andre plater som er brukte i dag, avgir dei heller ikkje støv, fortel Ole-Christian Henden.

DeAmp hevdar difor at deira plater difor er mykje reinare og betre for innemiljøet. Platene er òg lette å gjere reine. Sjukehus og skular har difor vist stor interesse for produktet til nordfjordingane.

– **VI HAR HITIL** hatt leveransar til mellom anna HSD sitt hovudkontor og Trondheim kommune.

Vi er no i gang med Alarmsentra-len på Haukeland sjukehus. Fleire prosjekt står for tur og minst 20-30 kundar ventar på oss i spaning. Vi har òg blitt kontakta av cruisebåtindustrien, kan Bjørn André avsløre.

Han seier vidare at dei har sendt ut representantar som promoterer produkta deira i mellom anna USA. DeAmp har i det siste utvida staben kraftig, i samarbeid med NTNU. Mellom anna har ein fått med fleire unge bedriftsutviklarar med glødande engasjement.

Bjørn André legg ikkje skjul på at desse har gjort ein imponerende god jobb, men så er det jo lett å bli inspirert når ein vann prisar og får støtte.

DETTE ER NEMLEG ikkje første gongen DeAmp har fått støtte. På bursdagen til Bjørn André i 2004 fekk han første brevet om støtte på 300.000 kroner frå Innovasjon Norge. Det var kanskje den beste gáva han kunne få, for det la

grunnlaget for heiltidsdrift av DeAmp. Dei tre gründerane hadde då allereie betalt startkapitalen i aksjeselskapet ut av eiga lomme, noko dei unge studentane merka godt på den allereie slunkne studentpengepungen. Bjørn André Fløtre vart valt til leiar av firmaet med sin bakgrunn som produktutviklar, medan Pål Ove og Ole-Christian tok seg arbeid utanom firmaet i tillegg.

Etter dette har det gått slag i slag. DeAmp vann Venture Cup Trøndelag, Dnb Nord sin innovasjonspris i Trøndelag og Connect Norge sin pris for beste idé siste fem år. No sist vart det altså vunne to konkurransar på same dag på til saman 300.000 kroner.

– Kanskje har vi noregsrekorden i prisvinning òg, seier Bjørn André spøkefullt.

I SAMBAND med ein gjennomført emisjon i vår, har DeAmp no sjansen til å sette meir trykk på arbeidet. Pål Ove tok over stillinga som

dagleg leiar 1. oktober og Ole-Christian vil arbeide deltid i selskapet.

– På denne måten får vi best nytta dei ressursane vi har tilgjengeleg, seier Pål Ove.

Han legg til at denne arbeidsfordelinga vil gje Bjørn André meir tid til å gjere det han kan best, og det DeAmp treng han mest til, nemlig å drive produktutvikling.

– Ole-Christian vil stå for sal i austlandsområdet, og saman med studentane frå NTNU er vi no godt rusta til å ta det neste steget vidare, fortel ein ivrig, nyttilsett Pål Ove.

– Det må vere draumen om å vere økonomisk uavhengig, og ha ein spanande jobb fri for A4-dagar, smiler Bjørn André.